

Innkalling til årsmøte i Syltøy grendalag

Onsdag 25. mars 2015 kl. 1900 på Syltøy skule

Saksliste:

- godkjenning av innkalling
- val av møteiar og referent
- val av to representantar til underskriving av referat
- årsmelding 2014 (vedlagt)
- rekneskap for 2014 (vedlagt)
- budsjett for 2015. (vedlagt)
- medlemskontingent for 2015
- innkomne saker
- val:
 - o styremedlem på val: Eldbjørg Syltøy, Ove Geir Stusdal og Knut Olav Liland
 - o styremedlem som ikkje er på val: Beate Johansen og Kåre Lillebø
 - o varamedlem på val: Krister Vindenes og Jan Bratland
 - o valkomité på val: Jarle Syltøy og Jakob Magnar Jakobsen
 - o revisor på val: Jostein Jakobsen
- status overtaking av skulen

Andre saker til årsmøtet må være styret i hende innan 18. mars 2015.

Styret ynskjer alle vel møtt!

ÅRSMELDING SYLTØY GRENDALAG 2014

Styret i 2014:

Leiar: Kåre Lillebø
Nestleiar: Beate Johansen
Kasserar: knut Olav Liland
Sekretær: Ove Geir Stusdal
Styremedlem: Eldbjørg Syltøy
Varamedlem: Krister Vindenes
Varamedlem: Jan Bratland

Styret har hatt 10 møter sidan sist årsmøte

Aktivitetar i 2014

- ryddeaksjon
- jonsokfeiring
- hausttur
- kafé med bingo
- advents kafé
- bading og symjing
- trimkveld for barn, unge og vaksne
- utbetring av postkassestativ

Trimkveldar og bading er gjennomført i samarbeid med Lokøy velforening

Grendalaget har disponert skulen i påvente av bruksavtale med kommunen og endeleg overtaking. Etter avtale med kommunen har grendalaget hatt tilsyn og ansvar for utlån og bruk av lokala. Kommunen har i 2014 hatt alt ansvar for vedlikehald og alle faste driftskostnader av skulen.

I tillegg til eigne aktivitetar har gymsal og kjøken vore utlånt til andre lag og privatpersonar, bla. Nest Sotra sine gitar 2006.

Ryddeaksjon

Den årlige ryddeaksjonen vart gjennomført 14. mai. Omlag 10 personer møtte fram på dugnaden. I badevika vart stranda rydda, graset slått og møblar og flytebrygge vart olja. Molda i båten i rundkjøringa vart skifta, nye blomar planta og mykje boss vart plukka langs vegane våre. Dugnaden vart avslutta med god servering i rundkjøringa.

Jonsokfeiring

Jonsokafta vart som vanleg feira i Grindavika ved snuplassen. Grendalaget haldt grillkol og elles tok folk med seg mat, drikke, stolar og bord etter eige ynskje. Det var bra oppslutnad til dette arrangementet.

Hauستtur

Årets hausttur gjekk frå kinsarvik til Lofthus på Dronningstien. 15 personer deltok på turen. Grendalaget sponsa turen med 3000 kroner. Deltakarane var godt fornøyd med turen.

Kafé med bingo

Grendalaget arrangerte kafé med bingo den 24.september omlag 30 personer møtte fram. Arrangementet fekk gode tilbakemeldingar frå dei frammøtte. Bingokveldane vert utsett inntil vidare i påvente av endeleg løyve frå lotteritilsynet.

Advents kafé

Adventskafeen vart arrangert sundag 1. desember. Det var sær god oppslutnad om arrangementet. Det vart gjennomført 2 åre-trekningar og trekning av loddbøkene med mange flotte gevinstar. Arrangementet gav ein inntekt på vel 50 000 kroner (brutto).

Bading og symjing

Syltøy grendalag disponerer, samen med Lokøy velforening, bassenget på Ulveset skule, kvar måndag frå kl. 18 til kl. 20 i periodar av året. Fyste timen er for dei minste, medan siste timen er for dei største/symjedyktige.

Trimkveld for barn og voksne

Syltøy grendalag og Lokøy velforeing starta saman opp trimkveldar for barn og voksne i gymsalen kvar måndag kl. 1800 – 2200. Det har vore bra frammøte på desse kveldane. Meir informasjon om desse kveldane finn de på www.syltøy.no

Klubbkveld

Elisabeth starta opp med klubbkveldar på skulen i regi av grendalaget. Dette er ein handarbeidsklubb med fokus på det sosiale. Her kan ein drive med handarbeid eller berre kome for å være sosial med andre sambygdingar. Klubbkveldane er ca. kvar 3. tredje torsdag.

Torsdagsaktivitet

Foreldre med barn i barneskulen arrangerer aktivitet for barna på Syltøy og Lokøy ca. 1 gong i månaden.

Utbetring av postkassestativ

Grendalaget tok initiativ til å utbedra postkassestativa i bygda, fleire av stativa trong utbetringar av mellom anna roteskadar. Grendalaget dekkar kostnader til materiell, mens arbeidet må gjerast på dugnad av postkassseigarane. Fleire stativ vart utbetra i 2014, men framleis er det nokre stativ som treng vølast.

Andre saker som styret har arbeidd med i 2014

Overtaking av skulen

Proessen med å føre bygget over på grendalaget går tregt. Styret hadde møte med Eigedomssjefen i desember og venter framleis på utspel frå kommunen.

Vidareføring av offentlig vassleidning

Grendalaget har sendt brev til kommunen kor vi ber om at ei vidareføring av vassleidninga her ute vert prioritert ved neste rullering av planen for utbygging av vassverket.

Hjartestartar

Syltøy grendalag vart tildelt ein hjartestartar i gåve frå Sparebanken Vest. Denne er plassert på skulen på eit utvendig toalett. Døra har fått montert kodelås for å sikre tilgang. Meir informasjon og tilbod om opplæring vil bli sendt ut.

Administrasjon av utlån av skulen


Grendalaget har administrert utlån av lokalar og utstyr ved skulen, både private tilstellingar og ideell aktivitet. Nest Sotra sitt eine gutelag har til dømes hatt fast trening 3 dagar i veka

Referat frå styremøta 2014 kan finnast på www.syltøy.no eller ein kan ta kontakt med sekretæren i styret.

Styret takkar for seg.

Regnskap Syltøy Grendalag 2014

	Regnskap 2014	Budsjett 2014	Post
Inngående balanse	237 370,38	237 370,38	0
Inntekter:			
Medlemskontigent	15 700,00	15 000,00	1
Adventkafe	50 262,00	40 000,00	2
Bingo	2 057,00	5 000,00	3
Kulturmidler	5 500,00	10 000,00	
Driftstilskot	2 500,00		4
Tilskot til barn og unge	3 000,00		5
Utleie	-	5 000,00	
Grasrotmidler	1 933,32	2 000,00	6
Renter	5 401,58	2 000,00	7
Sum inntekter	80 853,90	79 000,00	
Utgifter:			
Strøm	-	20 000,00	
Kommunale avgifter	-	6 000,00	
Forsikring	-	5 000,00	
Vedlikehold	-	20 000,00	
Internett	-	6 000,00	
Høsttur	3 000,00	3 000,00	8
Eldretur	-	3 000,00	
Ungdom	-	3 000,00	
Til disp. for styret	12 508,01	13 000,00	
Bingo utstyr	2 758,00		9
Pynt til båten på snuplassen, div små innkjøp o.l.	6 137,51		10
Vedlikehold postkassestativ	2 359,00		11
Andre driftsutgifter, domene gebyr, giroer o.l.	1 173,00		12
Konto gebyrer	80,50		13
Sum utgifter	15 508,01	79 000,00	
Resultat	65 345,89	-	
Utgående Balanse	302 716,27	237 370,38	



Knut Olav Liland
Kasserer



Jostein Jakobsen
Revisor

Budsjett Syltøy Grendalag 2015

	Regnskap 2014	Budsjett 2014	Budsjett 2015 Uten bruksavtale	Budsjett 2015 Med bruksavtale	Budsjett 2015 Med overtaking
Inngående balanse	237 370,38	237 370,38	302 716,27	302 716,27	302 716,27
Inntekter:					
Medlemskontigent	15 700,00	15 000,00	16 000,00	16 000,00	16 000,00
Adventkafe	50 262,00	40 000,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00
Bingo	2 057,00	5 000,00	-	10 000,00	10 000,00
Kulturmidler	5 500,00	10 000,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
Driftstilskot	2 500,00				
Tilskot til barn og unge	3 000,00				
Utleie	-	5 000,00	-	10 000,00	10 000,00
Grasrotmidler	1 933,32	2 000,00	4 000,00	4 000,00	4 000,00
Renter	5 401,58	2 000,00	3 000,00	2 500,00	2 000,00
Sum inntekter	80 853,90	79 000,00	78 000,00	97 500,00	97 000,00
Utgifter:					
Strøm	-	20 000,00	-	15 000,00	30 000,00
Kommunale avgifter	-	6 000,00	-	6 000,00	6 000,00
Forsikring	-	5 000,00	-	-	5 000,00
Vedlikehold	-	20 000,00	-	-	20 000,00
Internett	-	6 000,00	6 000,00	6 000,00	6 000,00
Høsttur	3 000,00	3 000,00	4 000,00	4 000,00	4 000,00
Eldretur	-	3 000,00	4 000,00	4 000,00	4 000,00
Ungdom	-	3 000,00	4 000,00	4 000,00	4 000,00
Innkjøp av kjøkkenutstyr			67 000,00	67 000,00	67 000,00
Innkjøp av stillas			40 000,00	40 000,00	40 000,00
Til disp. for styret	12 508,01	13 000,00	13 000,00	13 000,00	13 000,00
Bingo utstyr	2 758,00				
Pynt til båten på snuplassen, div små innkjøp o.l.	6 137,51				
Vedlikehold postkassestativ	2 359,00				
Andre driftsutgifter, domene gebyr, giroer o.l.	1 173,00				
Konto gebyrer	80,50				
Sum utgifter	15 508,01	79 000,00	138 000,00	159 000,00	199 000,00
Resultat	65 345,89	-	-60 000,00	-61 500,00	-102 000,00
Utgående Balanse	302 716,27	237 370,38	242 716,27	241 216,27	200 716,27